

VEDTEKTER FOR HJELMELAND HANDELS- OG SERVICEFORENING

§ 1 FØREMÅL

HJELMELAND HANDELS- OG SERVICEFORENING (heretter HHSF) er ein frittstående og sjølvstendig interesseorganisasjon som har som føremål:

- å vera eit næringspolitisk organ for medlemmene for å fremja utvikling for handel og service og tilknytta næring i Hjelmeland kommune
- slik bidra til auka verdiskaping og eit attraktivt samfunn gjennom utvikling av eksisterande føretak og eit betra grunnlag for nyetableringar.

Dette skal skje gjennom:

1. å vera aktiv initiativtakar og pådrivar i lokalmiljøet og ovafor det offentlege
2. driva konkrete marknadstiltak.
3. bidra i prosessar både mellom kommunen og næringslivet og blant foreninga sine medlemmer i Hjelmeland.
4. fremja kompetanse og nettverksbygging og tilby møteplassar for medlemmene.
5. å delta i eksterne prosessar og har formelle relasjonar i andre organ med liknande føremål.

Foreninga er organisert som ein sjølveigd, juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

Foreninga kan ha undergrupper som arbeider med bransjespesifikke spørsmål.

Årsmøtet gjer vedtak om nye undergrupper.

Styret kan til eikvar tid oppretta ressursgrupper eller komitear med særskilte mandat.

Alle slike grupper skal ha leiar som rapporterer til styret.

§ 2 MEDLEMSKAP

2.1. Kven kan vera medlem:

Som medlem i HHSF kan takast opp bedrifter, føretak, institusjonar og enkelt-personar som er eigarar til handel, servicenæring, reiseliv, næringseigedom og primærnæringar i Hjelmeland kommune. Både private og offentleg eigde bedrifter kan vera medlem samt avdelingar av bedrifter med hovudkontor utanfor Hjelmeland kommune.

Privatpersonar kan ikkje vera medlem.

Styret skal behandla saker vedkomande medlemskap.

2.2. Kontingent

Kontingenten blir differensiert avhengig av bedrifta eller føretaket si storleik på bakgrunn av tal årsverk pr. 31.12. føregåande år.

For bedrifter med forretningsadresse i Hjelmeland blir rekna alle årsverk som inngår i bedriften/morselskapet.

For bedrifter med forretningsadresse utafor Hjelmeland blir rekna tal årsverk i Hjelmeland som inngår i bedrifta.

Medlemskapen gjeld frå den dagen kontingenten er betalt.

Ein medlem som skylder kontingent har ikkje røysterett eller andre rettar, og styret kan stryka medlemskapen.

2.3. Medlemmene sine plikter:

Medlemma skal uoppfordra gje omspurt informasjon om eiga verksemd slik at forumet sine føremål kan oppnåast.

Utmelding for påfølgjande år skal skje skriftleg innan 1.10. året før.

Medlemmene plikter å følgja foreninga sine vedtekter og vedtak som er gjort av årsmøtet.

§ 3 ØKONOMI

HHSF si drift er basert på en årleg medlemskontingent samt andre midler styret finn som eksterne tilskot, inntekter frå eiga forretningsverksemd, tilskot fra det lokale næringsliv samt prosjektmidler.

§ 4 ÅRSMØTET

Årsmøtet er HHSF sitt høgaste organ. Årsmøtet skal holdast årleg innan 30. april.

Medlemmene skal kallast inn skriftleg og/eller pr epost med minst 14 dagars varsel.

Med innkallingen skal følge sakliste, årsmelding og rekneskap.

Arbeidsprogram for inneverande år samt innstilling frå valkomiteen blir framlagt i møtet.

Forslag som ein medlem vil skal behandlast på årsmøtet skal vera sendt styreleiar minst 3 veker før årsmøtet.

Alle møtande medlemmer som har betalt medlemskontingent, har røysterett.

Kvart medlem har ei røyst. Røysting kan skje ved fullmakt.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemmer med røysterett som møter.

Alle saker skal avgjerast ved alminneleg fleirtal med unntak av sakene som er nemnt i §§ 9 og 10. Ved likt tal røyster har møteleiar dobbeltrøyst. Blanke røyster blir rekna som ikkje avgitt.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast viss styret bestemmer det eller minst 1/3 av medlemmene krev det. Innkalling skjer som ordinært årsmøte med 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre behandla og ta avgjerd i saker nemnt i innkallinga.

§ 5 SAKER PÅ ÅRSMØTET

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og referent
3. Styrets årsrapport med revidert rekneskap.
4. Revisor sin rapport
5. Fastsetting av medlemskontingent for inneverande år
6. Velge styre for to år og varamedlemmer for eitt år, samt styrets leiar og nestleiar blant styrets medlemmer for eitt år
7. Val av revisor
8. Val av valkomite på 3 medlemmer med leiar for eitt år.
9. Fastsetting av revisor og styremedlemma si godtgjering.

- 10 .Eventuelle vedtektsendringar
11. Arbeidsprogram og eventuelle plandokument
12. Andre saker som styret legg frem, m.a. innkomne forslag.

Val skal skje skriftleg om det er meir enn eitt forslag.
Ved enkeltvis val er den kandidat som har fått flest røyster vald.

§ 6 STYRET

HHSF blir leia av eit styre på 5 medlemmer med 2 vararepresentantar. Styremedlem skal velgjast for 2 år og slik at minimum 2 av styremedlemma er på val kvart år. Styrets leiar og nestleiar skal velgjast av årsmøtet blant styret sine medlemmer for eitt år av gangen. Alle vararepresentantar skal velgjast på årsmøtet for eitt år. Styret skal sjølv velgja sekretær og kasserar.

Valkomiteen skal syta for at forslag til styresamansettinga:

- har balanse utfrå bransje, geografi og kjønn
- representerer bedrifter som er medlemmer
- har stabilitet ved at ikkje alle styremedlem blir skifta ut same året

Dersom ein styremedlem ikkje lenger er knytt til bedrift eller er næringsdrivande i Hjelmeland kommune, går medlemmen ut av styret og 1. vara trer inn fram til første årsmøte.

§ 7 STYRET SINE ARBEIDSOPPGÅVER

Styret leier HHSF med vedtekter og fullmakter gitt av årsmøtet. Styret treff bindande vedtak om igangsetting av tiltak/prosjekt i samsvar med HHSF sitt føremål.

Styret har mynde til å engasjera eller tilsetja personar og fastsetja løns- og arbeidsvilkår samt arbeidsmål for eitt driftsår av gangen.

Styret skal ha regelmessige møte (minst 3 møte pr. år) og skal samankallast når styreleiar finn det nødvendig eller når minst 2 av styremedlemma bed om det.

Møta kan vera telefonmøte.

Med innkallinga skal det ordinært følge saksliste.

Styret kan ta avgjerd når minst 3 medlemmer møter.

Ved røysteliskap har styret sin leiar dobbeltrøyst.

Fullmakter:

HHSF vert teikna av styreleiar og ein styremedlem i fellesskap.

Styret kan gje prokura.

Det skal føres protokoll fra styremøta som styremedlemmene underteiknar.

Styret fastsett for øvrig selv sin forretningsorden og om det skal opprettast arbeidsutvalg eller andre grupper som kan utføra særleg prioriterte oppgåver.

§ 8 ANDRE REGLAR:

Styret fremjer forslag på nye medlem i valkomiteen for årsmøtet.

§ 9 VEDTEKTSENDRINGER

Vedtektsendringer skal leggjast fram av styret og kan berre vedtakast av årsmøtet og då med minst 2/3 av de avgitte røyster.

Forslag til vedtektsendringer må være innsendt styret innan tre veker før årsmøtet og skal gjerast kjent for medlemmene samstundes med innkalling til årsmøtet.

§ 10 OPPLØYSING - FUSJON

Forslag om oppløsning eller fusjon av HHSF kan føreslåast på same måte som for vedtektsendringer, jfr § 8. For å bli vedtatt krevst minst 2/3 av de avgitte røyster, og at minst halvparten av medlemma avgir røyst.

Oppløysing: Om begge desse krava ikkje er oppfylt, kan oppløysing vedtakast på det påfølgjande årsmøtet, eventuelt på ekstraordinært årsmøte med minst 2/3 av de avgitte røyster.

Det kan velgjast eit avviklingsstyre som kan vera det ordinære styret.

Ved oppløysing av HHSF skal alle aktiva tilfalle føremål som fremjer utvikling av handel, service og reiseliv i Hjelmeland kommune.

Fusjon: Ein fusjon blir ikkje sett på som oppløysing. Styret skal presentera ein plan for fusjonen som årsmøtet kan røysta over.

Vedtatt på Stiftingsmøtet på Hjelmeland 16.11.2016

Styret:

.....
Hanne Sundbø, styreleiar /s./

.....
Ingvill H. Gjertsen, nestleiar /s./

.....
Sigurd Kleppa /s./

.....
Silje Sværen /s./

.....
Elisabeth Grønvik /s./